

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møterom Tinghaug, Nådlandskroken 11, Stavanger
MØTETIDSPUNKT: 03.10.2018, kl. 15:30 – 17:45

Styremøte var ope for publikum og presse

.....

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem (til kl 16:45)
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Ragnhild Winum	1. varamedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Gunvald Andraes Iversen	Medlem
-------------------------	--------

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerande direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Ola Rye	Økonomidirektør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

SAKLISTE

Sak	026/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	027/18	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 31.05.2018
Sak	028/18	Administrerende direktør si orientering
Sak	029/18	Innspel til ny plan for internrevisjon i Helse Vest (2019-2020)
Sak	030/18	Risikovurdering 2. tertial 2018
Sak	031/18	Årsplan Styret 2019
Sak	032/18	Oppnemning av valstyre for val av tilsette sine representantar 2019
Sak	033/18	Arbeid med budsjett 2019 - prosess

UNDERLAG

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 037/18 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del

Sak 034/18 , 035/18 og 036/18 blir handsama i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 034/18	Verksemdsrapport per august 2018 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 035/18	Status publikumsområde i SAV 01.09.18 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 036/18	Systematikk rundt rapportering og oppfølging av kvalitetssvikt (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt

Styret sitt kvarter

OPE DEL

Sak 026/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Med unntak av AD og referent deltok administrasjon via videolink frå Bergen.

Til sak 037/18 Eventuelt blir det styreportal verktøyet Admincontrol teke opp til drøfting.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 027/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 31.05.2018

Oppsummering

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 31.05.2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 31.05.2018.

Sak 028/18 Administrerande direktør si orientering

1. Status publikumsområde i SAV 01.09.2018
2. Oversikt over aktuelle høyringar
3. AD gav ei kort orientering om arbeidet med, og bruken av sosiale media i SAV

Vedtak (samrøystes)

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 029/18 Innspel til ny plan for internrevisjon i Helse Vest (2019-2020)

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har invitert føretaka til å kome med innspel til regional plan for internrevisjon (2019-2020) innan 15.11.2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret går inn for at revisjon på områda «Tilverking av legemiddel i sjukehusavdeling» og «Legemiddel og væskeberedskap i Helse Vest» blir spelt inn til Regional plan for internrevisjon i Helse Vest (2019-2020).

Sak 030/18 Risikovurdering 2. tertial 2018**Oppsummering**

Arbeidet med risikostyring er forankra i SAV gjennom leiarmøte. Alle leiarar har i oppdrag å sjå risikobilete og aktuelle tiltak i samband med sin eigen handlingsplan og på denne måten få tiltaka knytt til aktuelle risikoområde der det er relevant. Gjennom andre tertial i 2018 er det samla risikobilete lite endra.

Vedtak (samrøystes)

- 1. Styret tek risikovurdering per 2. tertial 2018 til etterretning.*
- 2. Administrasjonen må sikta seg inn mot å nytta same metode for rapportering som svarar til generell helseføretak standard.*

Sak 031/18 Årsplan Styret 2019**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner Årsplan 2019 med dato for styremøte 21.03.2019, styremøte/styreseminar 13.06.2019, styremøte 01.10.2019, styremøte 12.12.2019.

Sak 032/18 Oppnemning av valstyre for val av tilsette sine representantar 2019**Oppsummering**

«Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetaks og helseforetaks styrer» vart sett i verk i 2003. Det skal etablerast valstyre i samsvar med forskrifta §8.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest utnemner valstyre bestående av:

- Linda Baug Tjore (leiar/tilsettere representant meldt inn av FF/Parat)*
- Marit Ceselie Svendsen (nestleiar/ tilsettere representant meldt inn av NFF)*
- Berit Berntsen (arbeidsgjevarrepresentant, HR og org. dir)*

Valet koordinerast med tilsvarande val i Helse Vest.

Sak 033/18 Arbeid med budsjett 2019 - prosess

Oppsummering

Budsjettarbeidet for 2019 følger prosessen slik denne er definert i verksemdstyringssystemet SAVvy, og milepæler i budsjettprosessen i Helse Vest. Arbeidet er forankra i leiargruppene i SAV.

Måla og fokusområda for budsjettet er ei vidareføring av vurderingstema om drift og utvikling i langtidsbudsjettet, men meir spissa mot aktuelle tiltak og utviklingområder i 2019. Budsjettet skal vedtakast av styret i SAV 12.12 2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek sak om budsjettprosess for 2019 til orientering.

LUKKA DEL

Lukka del vart handsama i 17.00 – 17.45

Møte blei lukka etter Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 034/18 Verksemdsrapport per august 2018

Oppsummering

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per august 2018 til vitande.

Sak 035/18 Status publikumsområde i SAV 01.09.18

Oppsummering

Statusrapporten vart gjennomgått.

Publikumsavdelingane arbeidar kontinuerleg med å styrke kultur for sal- og service og auke kvalitet på rådgjeving i kundemøtet. Det siste året har arbeid med kompetanseutvikling, standardisert rådgjeving, resultatoppfølging og forbetringar blitt systematisert i større grad enn tidlegare. Styret la vekt på at arbeidet må halde fram og at det økonomisk resultatet må følgast tett opp framover.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapporten til vitande.

Sak 036/18 Systematikk rundt rapportering og oppfølging av kvalitetssvikt**Oppsummering**

I tillegg til eksisterende avviksprosessar skal det etablerast ein prosess som set rammer for handtering av store hendingar og interne undersøkingar ved store avvik. Denne skal og beskrive informasjonsflyt til styreleiar/styret. Verksemdsrapport skal frå no av innehalde punkt for kvalitet.

Vedtak (samrøystes):

- *Styret tek saka til orientering, med kommentar om at saka med nokre justeringar godt kunne vore handsama under den opne delen av møtet.*
- *Ny prosess for handtering av store hendingar, der ein klargjer informasjonsflyt til styret og styreleiar, skal utarbeidast.*
- *Verksemdsrapport skal innehalde punkt om kvalitet.*

**Sak 037/18 Eventuelt
Skriv og meldingar****Vedtak (samrøystes)**

Styreportal verktøyet Admincontrol skal takast i bruk ved Sjukehusapoteka Vest HF. Saker til styremøte 12.12.2018 vil bli distribuert både i Admincontrol og i eigen elektronisk post.

Trude Marit Risnes	Styreleiar
--------------------	------------

Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
-----------------------	-----------

Eivind Hansen	Medlem
---------------	--------

Inger Cathrine Bryne	Medlem
----------------------	--------

Arve Varden	Medlem
-------------	--------

Bente Aae	Medlem
-----------	--------

Marianne Saugestad	Medlem
--------------------	--------

Marit Jacobsen	Medlem
----------------	--------

Gunvald Iversen	Medlem (sett)
-----------------	---------------

Ragnhild Winum	1. Varamedlem
----------------	---------------

Grethe Bjørndal
referent
03.10.2018